

Informasjon frå Avdeling for patologi, Helse Førde

- Nytt laboratoriedatasystem 27. mars: Unilab
- Endra IHR-tenestekatalog innan patologi for primærhelsetenesten

Avdeling for patologi i Helse Førde går over til eit nytt laboratoriedatasystem, Unilab 27 mars. Det nye systemet vil auke sporbarheit og kvalitetssikring av patologiprøvar. I dagane like før og etter produksjonssetting 27 mars vil det verte noko lenger svartid på rutineprøvar. Hasteprøvar/ØH vert prioritert. Vi set inn ekstra ressurs i samband med produksjonssetting for å minimere påverknad på arbeidsflyt.

I samband med overgang til Unilab vert det også satt opp ny IHR-tenestekatalog for patologi til primærhelsetenesten. Denne katalogen vert tilgjengleg frå mandag 25. mars. Bestillingar gjerast på same plattform som mikrobiologi. Det vil vere ei mappe for histologi som skal til Førde. Cytologi skal sendast til Bergen som før.

Framgangsmåte ved bestilling av patologiprøvar

- Vel organ og prosedyre i histologi-mappa, deretter lokalisasjon under labtjenester. Det er mogleg å legge in fleire lokalisasjonar ved å trykke på «+». Pakkeforløp kreft vel ein også i labtjenester, sjå figur.
- Kliniske opplysningar er naudsynt å føre inn for å få sendt inn elektronisk rekvisisjon.

The screenshot shows the Interactor interface for patient GUNDERSEN, ROLAND. The patient's details are 15.07.1965*00565, 53 years old, male. The interface is divided into several sections:

- Left sidebar:** A navigation tree showing 'Helse Førde' > 'Patologi' > 'Histologi' > 'Hud/underhud'. Under 'Hud/underhud', 'Hud eksisjonsbiopsi' is selected with a red dot.
- Center panel:** Titled 'Labtjenester: 2'. It lists two tests: 'Hud eksisjonsbiopsi' and 'Hud eksisjonsbiopsi'. Under each, there is a 'Lokalisasjon' field. The first is 'Arm foflekk1' and the second is 'arm foflekk2'. A red box highlights the 'Hud eksisjonsbiopsi' test name and its location field.
- Right panel:** Titled 'Kliniske opplysninger'. It contains a red-bordered box with the text 'Kliniske opplysninger må fylles ut.' and a link '- Hent klinisk informasjon fra journal'. Below this is a section for 'Tilleggsopplysninger' with the text 'Hud eksisjonsbiopsi - Prøve 1, Hud eksisjonsbiopsi - Prøve 2' and 'Pakkeforløp kreft velges under hettegrad'.

Når ein har fylt ut informasjon om prøven, gå til prøvetaking for å skrive ut etikettar:

Skriv ut	Beholder	Beskrivelse	Prøvemateriale	Labtjenester	Etiketter	Skrevet ut	Prøvetidspunkt	Smitte	Tas eksternt
<input checked="" type="checkbox"/>		Plastboks til histologi	Hud eksisjonsbiopsi Arm foflekk2	Hud eksisjonsbio...	1	0	13.02.2019 12:52	Vet ikke	<input type="checkbox"/>
<input checked="" type="checkbox"/>		Plastboks til histologi	Hud eksisjonsbiopsi arm foflekk2	Hud eksisjonsbio...	1	0	13.02.2019 12:52	Vet ikke	<input type="checkbox"/>

Etter utskrift av etikettar er det viktig å hake av for «Send til sjukehus». Ellers kjem ikkje den elektroniske rekvisisjonen fram til laboratoriet.

Svarrapportar som sendast ut til primærhelsetenesten vil innehalde same informasjon som tidlegare, med eit litt endra format. Vi vil også få ein funksjon der vi kan legge inn kommentar til rekvisisjon slik de no får for mikrobiologi.

Pakking og innsending av prøvar er uendra.

Sjå vår brukarhandbok for generell informasjon om avdelinga sine tenester: <https://helseforde.no/laboratoria>